

VARHAUGBUEN



FORHAUSTARSHOW
SIDE 2-3

LANDSLEIR SPEIDARANE
SIDE 18-19

UNG I JULI
SIDE 36-37

4H PÅ LEIR SIDE 10 - 11

SLÅTTEKARAR UNDER JÆRHIMMELEN



Veteran: Otto Topdal hausta pris og lovord for godt og gammalt hausteutstyr. MF 135-en er frå 1971, Foss Eik-hengaren vart bygd i 1975, medan den venstremonterte FS 115-fôrhaustaren kom ut frå Serigstad-fabrikken på Bryne for 54 år sidan, i 1968. Topdal, som dreiv med leigekøyning med liknande utstyr i unge år, måtte til Skien for å sikra seg fôrhaustarklenodiet før slåttedagen på Varhaug.

Ferdig med slåttan og klar for fôrhaustarfest?

«Ja, takk», sa meir enn 300 jærboar og valfarta til Varhaug.

På ei vel utvaksen kjelva til Varhaug DA fekk publikum oppleve eit titals motorfarkostar som saman med midtsommarsola sytte for ein grassat minnerik motorkonserthyllest til jærbonder og dei jærskesmiene Serigstad, Underhaug, Foss Eik og Moi.

KORONAUTSETT

Stuntet «Siloslått på gamlemåten» var planlagt til 100-års jubileet til Varhaug Bondelag i 2020, men så kom koronaen. Dermed måtte me venta til 18. juni 2022.

– Eg er glad for at me greidde å gjennomføra nå, to år etter jubileet, seier bondelagsleiar Håkon Varhaug, medan han rettleier parkeringsvaktene, ser ut over folkehavet og smilar frå øyre til øyre.



Sjur Håland

Gamle karar med vonde aksler etter tiår med bondeslit, er i godt lag med langt sprekare unge og ungar. Begge kjønn, men med mannfolka i fleirtal.

– Dette er maskinar eg har arbeidd med me-



Hardkjør: Tjukt gras i stuven gjer at også John Deere'en til Aleksander Herredsvela slit.

Varhaugbuen har fått løyve til å bruka tekst og bilete av Bondevennen, som hadde artikkelen på trykk tidlegare i sommar.

Vil du sjå meir: Søk på youtube.

Der finn du Andreas Rød sin film frå sløttedagen.



Lessing og kutting: Arvid S. Varhaug med eit godt grep kring rattet som han styrer tut og klaff med. Varhaug fekk toppscore frå dommarpanelet på køyring, kutting og lessing. Ford-traktoren har høyrte til familien i alle år. Den fint brukte FS 101-fôrhaustaren vart kjøpt og henta heim frå Gjennestad like før stemnet. Legg merke til maursyrekanne som du nok må vera 50-pluss for å kjenna att.

steparten av mitt vaksne liv. Nå har det blitt ein gammaldags raritet, seier ein av dei eldre bøndene eg snakkar med i forbifarten.

Publikum vassa villig i grønt, vel utvaksne gras og samla seg i klynger rundt legendariske traktorar, fôrhaustarar og tilhengjarar med slitne graskarmar. Og rundt grillane og kaffikannene, så klart. Overskottet frå kaffi- og matsal gjekk til Se Meg.

BAK SPERREBANDA

Forventningane låg som eit florlett sommarteppje over enga og blanda seg med den grå røyken frå grillane nede ved Varhaug-garden, cirka sju meter over havet og 250 meter frå rullesteinstranda. Då speaker Kristian Vinningland presis etter timeplanen fekk sjåførane til å vri om nøklane og fyra opp dieselmotorane, måtte folk stilla seg bak sperrebanda. Steinutkast frå ein hissig fôrhaustar er som kjent ikkje til å spøkja med.

Dei som har høyrte buldringa frå ein Serigstad fôrhaustar som aukar turtalet på roteren etter kvart som gasspedalen på ein Massey Ferguson 165 blir klemt ned mot fotbrettet, veit kva som er i kjømda:

NOSTALGI

Rått, nyslege gras. Deseleksos og maursyre. Seigt smørjefeitt frå Shell. Sommarlyd frå Jæren. Lukta av 1970. Nostalgi og takk til framsynte gründerar som tidleg på 1960-talet sytte for å få Serigstad sine fôrhaustarar ut or produksjonslokala og ut til bøndene. Med eitt var hesjer, silosvans og høykanon passé. Den nye tida var i emning, og fekk eit vidare løft då Underhaug sine oransje avlessarvogner blei kopla til fôrhaustardraga godt ut på 1970-talet.

TID FOR ALT

Podiet var, slik det måtte vera, på planet på ein jærsk traktortilhengar rigga med mikrofonstativ og to svarte høgtalarar.

– Takk for i dag, sa Vinningland til publikum då lassa var fulle, magen mett og premieutdelinga unnagjort.

Det er ei tid for alt. Også for fôrhaustaren si glanstid, som byrja å bleikna for alvor ved tusenårsskiftet.

Men på Varhaug kunne ein nok ein gong kjenna dei svake vibrasjonane under bakken utløyst av ein Serigstad fôrhaustar med stramme reimar, slipte sleglar og maks turtal på roteren. Det treng ikkje vera siste gongen, Varhaug Bondelag. Me gler oss til hesjing eller skuronn eller kva det måtte bli neste sommar!

Tirsdagssjakk

i biblioteket på Varhaug



Per-Arvid Jakobsen frå Hå skulesjakk blir med og inspirerer oss i sjakk desse tirsdagane kl.13-14 hausten 2022:

30. august	6. september
27. september	4. oktober
1. november	8. november
29. november	6. desember



Bibliotekdrøs

i biblioteket på Varhaug



Liker du å lesa og har lyst å treffa andre som er glad i bøker?
Me møtes til ei uformell samling med presentasjon av bøker,
god drøs og ein kopp kaffi.

Torsdag 1. september kl.11

Torsdag 29. september kl.11

Torsdag 3. november kl.11

Torsdag 1. desember kl.11

Velkommen til hyggeleg prat om bøker. Gratis.



Forfattarbesøk:

ELLEN VAHR



Torsdag 6. oktober kl. 18

Biblioteket på Varhaug

Ellen Vahr kjem til Varhaug for å snakke om Idle Hour-trilogien. Serien handlar om Thea Thoresen som reiser frå Kristiania til Amerika for å arbeide som tenar for den velstående Vanderbilt-familien.

Arrangementet er støtta av Fritt ord. Gratis.



Forfattarbesøk:

Ole Kristian Ellingsen



Torsdag 20. oktober kl. 18

Biblioteket på Varhaug

Ole Kristian Ellingsen skal snakke om Stormsinn-trilogien, som handlar om Stavanger på byrjinga av førre århundre. Byen opplevde både djupe kriser og oppsving, og bøkene speglar desse valdsame skifta både i menneskesinnet og samfunnet.

Arrangementet er støtta av Fritt ord. Gratis.





NYTT FRÅ MISJONSHUSET

I Misjonshuset merker ein at haustsemesteret startar opp, det er liv og rørsle.

Og den nye heisen er installert og er i bruk. Inngang nede er no inne frå gangen innanfor hovedinngangsdøra.

Kvar tirsdag er det no fysioterapigrupper i matsalen,- medan open barnehage er der måndagar og torsdagar.

Ungdomslaget har full aktivitet med samlingar på lørdagane, og på fredag er det «øpe hus» for ungdomar.

På søndagar er det anten gudsteneste med Awana barne-samlingar på føremiddagen eller SUNDAG kveldsmøte med kaffe og mykje lovsong. To onsdagar i månaden er det samling kl 1400 for «vi over 60».

I kjelleren finn du homlebølet for barn, det er eit foreldre/barn treff som arrangeres på tysdagar og følger skuleruta.

For hausten vil det verta same møteopplegget som før coronapandemien. Med to julemesser, nokre basarar og møteveker.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51 43 08 08. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:
http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvengen 21,
postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



FRÅ REDAKSJONEN

Kvar gong eg lagar blad, så ser eg tilbake på det same nummeret for eit år sidan, i alle fall kva eg har skrive under «redaktøren». I fjor hadde eg vore både i Oslo og Krakow, og eg har faktisk hatt to turar i år og. Først var det til Oslo i konfirmasjon til eldste dotter til Lise. Og det var ei fin oppleving med seremonien i Oslo Rådhus, og gildt selskap etterpå med familien Ein liten månad seinare var me 3 hattedamer som reise til Tønder på Landshattetreff. Eg hadde kava med å få buss, men så vart me ikkje mange nok. Då var Mindor Skretting så raus at han sa:» Eg kan godt køyra nokre hattedamer til Danmark, det har eg vore med på før. Dette var i siste del av juni, så kom juli - kor vart den månaden av?, og nå er me snart ferdige med august og. Når dette bladet kjem ut, er me i september. Kor vert dagane og vekene av??? Og om 2 månader kan me begynna å tenka på det siste bladet for 2022.

Stor takk til gruppene og andre for gilde innlegg. Det er de som gjer at det vert blad.



Gunnvor Aamodt



Bård Grødeland



Kjell Gunnar Arnesen



Ingunn Auestad

FOTO KLUBBEN



Barbro Vold



*Evy Virge
Reime*



*Marianne
Kristensen*



Planene videre.

HEFTIG OG BEGEISTRET

EI FEIRING AV FRIVILLIGHETEN

Vi ønsker å feira deg som bidreg med stort eller smått i kyrkjens frivillige arbeid.

Om du vaskar handklede, er kyrkjevert, går med jubileumshelsingar eller ber for kyrkjens arbeid, menighetene eller bygdene, så håper vi du vil være med å gjøre kvelden, fredag 21. oktober kl. 19.00 til en festlig kveld der du er i fokus.

Konfransier: Lars Sigurd Tjelle

Heftig og begeistret: Jan Erik Larsen

Me løfter i lag: Vidar Mæland Bakke

Musikalske innslag av: Country Lights

Servering av kaffi og kaker.

FREDAG 21. OKTOBER KL. 19.00
JÆREN SPAREBANK ARENA

Vi håper at vi får se deg!



DEN NORSKE KYRKJA
Hå kyrkjalege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA
Nærbo sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Varhaug sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Ogna sokn



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltepøl. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveiling av fjell.
Egil Halund 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

FARGERIKE
Halvorsen



PÅ LEIR MED SVALA I SOMMER!



Svala har vore på 3 leirer i sommer. Aspirantleiren var på Øksnevad VGS 10.-12. juni. Her kunne aspirantane og juniorane delta. Denne leiren er eit samarbeid med alle 4H klubbane i HÅ. Me hadde aktivitetsløype, bading, sosialkveld, volleyball, kiosk og kos og lek på telttunet. Det var godt ver heilt til me skulle reise heim.

24-27 juni reiste Svala til Årdal i Ryfylke på fylkesleir. Me var 15 stk. Me kom opp og satte opp telt. Felles telttun for HÅ. Her var det fleire aktiviteter å velge mellom, bla. volleyball, fisking på sjøen, slakting, golfkurs sjokoladekurs, kanotur, topptur og bading. På sundagen var det flåtebygging, med påfylgande flåterace!

Me var 14 stk frå Svala som reiste til Breim, i Sogn og fjordane, på landsleir. Me reiste med buss frå Jæren den 30. juli. Det var ein lang busstur på 10 timer. Me kom fram til ein flott leirplass på Fjordhestgarden, og fekk opp telta før regnet kom. Her hadde me eit eget telttun for Rogaland. Det er mykje som skjer på landsleir, bla. glow in the dark party, aktiviteter, volleyballturnering, bli kjend med bygda(poster), karaoke, konsert med grøftekarane, tautrekking, åpen scene, sosiale kvelder, tunmøter og bading. På landsleir er det mange aktiviteter å velge mellom. Hest, paintball, isbrevandring, fjordpaddling, unge kokker, design og redesign, klatrepark er blant nokre av dei. Det var og open dag for bygda og famile. Trur ikkje det kom nokon frå Varhaug for å besøke oss... Det regna mykje i løpet av veka. Me måtte spa veide mellom telta for å prøve å få vekk litt av vatnet. Me hadde ei kjekk leirveke, med godt humør og mange nye vennskap!

Helle Rosland





TUR TIL SJØLINGSTAD

Tysdag 21. juni reiste ca 40 damer på tur til Sjølingstad, levande museum ved Mandal. Ved nedkjøringa til Farsund, hadde vi ein stopp med påsmurt frokostbrød, kaffe og twist. Etter litt bøy og tøy bar det nedover til Sjølingstad. Her fekk vi omvisning i

prosessen frå ull til ullteppe. Etterpå var det muleg å kjøpa både stoff og garn. På heimvegen hadde vi middag og dessert på Spiseriet på Vigeland. Me blei gode og mette og ein skulle ikkje tru det var nødvendig med ein is-stopp i Vikeså. Men, det var det.



HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.

Oppstart var 8. september.

Denne hausten vil vi satse meir på små-turneringar på spillekveldene.

Og kanskje få med nokre spillere på KM som er planlagt 2. oktober. Klubben var forespurt om å arrangere dette, men vi fant at det ble for omfattande for klubben å vere arrangør nå.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Klubben har lynsjakk eller anna form for hurtig sjakk om onsdagane med sjokoladepremier.

I september skal klubben vere vertskap for Rogaland Open som blir Rogaland Grand Prix med langsjakk i helga 16-18. september. Dette vil foregå på St. Svithun VGS i Stavanger,- og det vil bli pengepremier for de tre beste i kvar klasse pluss beste kvinne i kvar klasse.

Og i november vil klubben arrangere Jæren Grand Prix på Klepp rådhus helga 4-6. november.

Velkomen til sjakk på Bryne.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Nytt styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar

Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styrmedlem

Benjamin Hølland - Svala 4H

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Eivind Galtvik - Lennsmannsløa



HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



UNGDOMSKLUBBANE

UNG HÅ



Lensmannsløa

(Varhaug)

Tysdag kl 14 - 20

8.trinn -18 år

Loen UK

(Nærbø)

Onsdag kl 17-21

8.trinn - 20 år



Ogna UK

(Ogna skule)

Torsdag kl 14.15- 20

8.trinn - 18 år

FLOTT GATEFEST PÅ VARHAUG I NYDELEG SOMMER

13. august hadde Stasjoen Pub nok ein gong besøk av danske musikarar «Ole Gas Band», som syng Kim Larsen songar. Oppvarmings-bandet var det lokale «Thunds Up» med Richard Madland, Oddbjørn Ueland, Sven Arne Vestbø og Henning Aanestad. Gildt at våre musikarar og får spela med dei store. Trur ikkje Olav kunne fått finare kveld til ein slik konsert, der det og var råd å få seg grillmat. Snakka med fleire som bur i blokka, som sa at dei sat berre ute på terrassen og kosa seg med musikken. Liv



Ole Gas Band er eit av to band i Danmark som lever av å opptre med Kim Larsen musikk. Og at hans musikk framleis er populær, synte godt igjen på konserten, der publikum var i alder 18 til nærmare 80.



EIN VETERAN TAKKER AV

Slik var overskrifta på eit innlegg i Varhaugbuen nr.3/2012. Då slutta Kristi Husvegg av med trimmen ho hadde hatt på Iden i mange, mange år.

Det var og då at Varhaug bygdekvinnelag starta opp trim igjen med Sissel Høyen som instruktør. Men alt har si tid, og nå etter 10 år, takker og Sissel for seg. Etter siste treninga før ferien samlast me i VIP-romet på Iden for avskjed, kaffi og kos.

Men bygdekvinnelaget har ikkje tenkt å slutta med trim om Sissel ikkje lenger skal vera med. Dei har fått ny instruktør, som de kan lesa meir om annan stad i bladet.

Liv

VARHAUG SKULE





I skrivande stund har me akkurat starta skuleåret 2022/2023 på Varhaug skule. Utruleg kjekt å få nye og gamle elevar tilbake på skulen. Totalt 499 elevar og 36 flyktningar frå Ukraina i innføringsklassar.

Me er stolte av skulen vår. Alle som arbeider på skulen brenn for at elevane skal få ein så god skule- og SFO-dag som mogleg. I tillegg har me funksjonelle bygningar, god kantine, flott amfi og kanskje det finaste biblioteket i Noreg.

I tillegg er store delar av uteområdet oppgradert av lokale heltar. Erik Håland maskin AS har gjort ein god jobb og laga ein variert skulegard med leikeapparat, plen, tre og buskar.

For å gjera uteanlegget komplett har me starta arbeidet med å få til eit skateområde. Dette området er ein grusbane i dag, men planlegginga er godt igang.

FAU og elevrådet arbeider med saka. Roy Kenneth Skretting i Pro dok 3d har dronefilma området og laga ei skisse til korleis dette kan verta. Det er gull med slike ressursar i bygda.

Nå held me på å innhenta prisar på skatemodulane og ordna med finansiering av anlegget.

Helsing Johan Omland

SpareBank
SR-BANK **1**
Sammen får vi ting til å skje.



S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN



LANDSLEIR FOR SPEIDARANE PÅ FORSAND

2.-9. juli deltok Varhaug Storspeidar på leiren med 9 speidarar og 4 leiarar. Det var meldt dårleg ver heile veka, men som kjent, er ein speidar alltid beredt! Leiarane Åse Marie, Andre, Lars Kristian og Håkon, hadde planlagt leiren veldig godt på førehand, så alle heldt seg turre heile veka. (Vigrestad-speidarane reiste heim på tysdag, då dei var blaute til skinnen og sorpa opp til øyrene. På leiren var det 4000 speidarar i starten, men kor mange som var igjen i slutten av veka, veit ingen). Det kom speidarar frå England i sør til Laksevåg i nord.

Varhaug-speidarane klarte seg veldig bra, trass i både veret og sorpa, for det vart veldig mykje sorpa på kjelva med fleire tusen speidarar.

På leiren var speidarane med å bygde inngangsportal, spisebord, kjøkken, fett-felle, gjerde, dusj mm. I tillegg var det fullt program kvar dag.

6. juli var det Haik, då vandra speidarane på tur i fjellet utan vaksne leiarar. Og alle kom vel tilbake til leiren. Ingen Varhaug-speidar måtte leitast etter.

Kvar kveld var det Leirbål-samling ved hovud-scenen med song, dans, speidar-rop og andakt. Ved avskjeds -leirbålet på fredag, var endeleg Varhaug-speidarane så varme i trøya at dei stod heilt framme med scenen og dansa til kvar sin song.

Det vart ein minnerik Landsleir med mykje godt humør, og skitne speidarar.

Speidarhelsing frå leiarane.



En alliansebank i **eika**.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no





MANNEKENGOPPPVISNING I BYGDEKVINNELAGET

Torsdag 19. mai hadde bygdekvinnelaget medlemsmøte med mannekengoppvisning. Kvelden starta med at Anlaug las eit stykke av Ajax. Deretter fekk me sjå klær frå Mizzy og Livs klær og gaver. Her var klær som passa for barn, ungdom, mannfolk og damer. I tillegg var det vesker, sko og hatter. Mannekenger var det frå BU, Bygdekvinnelaget og barn som var med frå Nærbø.

Maten denne gongen var god, gammeldags kveldsmat. Som vanleg var det utlodning og kvelden vart avslutta med morosame tankar frå «Bygdakåna».





FIN «VENNEKONSERT» I LØÅ PÅ ÆGRÅ

Måndag 15. august hadde Oddvar Varhaug og Frimenn invitert familie og venner til gratiskonsert i løå. Eg vart invitert med av Einar Reime, men grunna styremøte i Varhaugbuen, kom eg ikkje før etter første avdeling. Men eg kom akkurat til pausen med mykje god mat og kaffi, og her var utvalet stort! Til og med varme pølser var det råd å få, så då vart kveldsmat i same slengen.

Etter matpausen, var det berre for publikum å finna stolane sine, og så var koret i gang igjen med mange fine, kjente songar. Gildt var det og at dei song den fine julesongen til Tobias Skretting. Koret hadde og fått med seg Torvald med saxen frå Undheim. Som siste del av programmet, spela Terje på orgelet, var mest som eit galleri over folka nede i salen. Og her var og Torvald med på saxen.

Ein gild musikkstund var over, og eg trur alle dei 170 fram møtte var vel nøgde både med songen og serveringa.

Eg kan ikkje ha vore på Ægrå og Oddvar, utan å nemna det han har laga til i den gamle siloen. Der har han fått til 2 fine rom i 2 høgde, der det både er te-kjøkken, WC og soveplass. Her har Oddvar lagt ned mange arbeidstimar, men det er heilt tydeleg at han har kosa seg med arbeidet.

Dei fleste av oss kjenner nok til «Huset ved havet». - utleigehusa til Jytte og Oddvar, som dei starta opp med i 95 Her er det plass til 86 i Guri-huset, 2 i Eld-huset, 4 i nybygget Kammers og 5 på Loftet i nybygget.

Eg spurde Oddvar om det var meininga å leiga ut roma i siloen og, men det var i grunnen tenkt til privat bruk. Men ein gong det hadde vore fullt dei andre stadane, var det nokre som hadde nytta seg av desse roma og.

Liv

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Frivillighetens år

2022



Frivillighetsentralane i Norge inviterte lag og organisasjonar til samarbeid til sykkeltur gjennom hele landet. Saman vart det sykla frå Nordkapp til Arendalsuka.

Hvert fylke fikk sykkelturen 1 uke, Frivillighetsentralene og samarbeidsorganisasjoner ble oppfordret til å skape noen sammen og løfte frivilligheten.

Det er 6 sykler med plass for 3 personer som er fast med på turen igjennom hele landet, en pilot med plass til 2 passasjerer fremme i korgen, i tillegg hadde vi 2 sykler i kommunen en på Klokkekarhagen og en på Hå Hå sjukeheim

Tirsdag 5. juli kl 13.00 kom sykkelturen i Hå. Frivilligheten i vår kommune er stor og dermed var det ikke problem å få med frivillige og organisasjoner på planlegging av turen- vi fikk også med oss næringslivet.

Nokon var med heile turen, nokon stod langs løypa og andre var med på generasjonslekene på Vigrestad.

Turen starta med å sykla gjennom vår største matfat - Miljøgartneriet i Kviamarka der sto alle arbeiderene med flagg frå deres hjemland og heiet oss videre.





Videre gjekk turen med tomater, paprika i syklene til Varhaug med ei stopp utanfor rådhuset, der flagget var heist til topps og Bygdekvinne frå Varhaug delte ut gratis frukt til alle sammen.

Ystepikene er neste stopp, på veien opp var det flere som heiet pilotene frem. Hos ystepikene fekk vi høre deres historia frå de startet familie bedrifta til nå. Ystepikene produserer knall gode ostar og har mykje spennande lokalprodusert mat i gardsbutikken. Til stor glede for oss alle så fekk vi lunsj spandert og selvkart var alle ostane dei produserer med på tallerken. Topp stemning.

Så gjekk turen vidare til Vigrestad torg. Turen gjekk veldig fort sidan det stort sett var nedover bakke og onnevind. Her var det rigga opp til toppstemning. Det var det jille generasjonsleker, quiz og tippekonskurransar. Rema 100, handelslaget og Heien kiosk kom med kjempe mange premier. Bondekvinne laget frå Nærbø serverte nydelege lappar.

Turen lei avslutta på Jærgarden og de spanderete på oss en 3 retters middag og blant annet fikk vi en nydeleg taresuppe til forret. Svein Høyland glimta til med ein utroleg kjekk historie tima frå «gamledagar»

Sist men ikkje minst, så leverte silo og saft ein perfekt intimkonsert. Å du og du for ein jille dag.

Vi vil retta en stor takk til Heredsvela transport som hentet syklene våre, Risa as som stilte med trafikkvakter, piloter og tandemssykel, Ystepikene, Jærgarden, Jæren Friluftsråd, Hå kommune og takk til Miljøgartneriet i Kviamarkå.

Komitene i Hå besto av Astrid Skretting frå Bondekvinne laget, May Britt Birkeland - frivillig, Anne Turid Sirevåg - frivillig, Mads Lødsrup frå Sirevåg vel, Reidar Håland - frivillig, Roy Kenneht Håland, Jarle Haugland frå Nærbø Røde kors, Annette Gimre Jensen frå Rogaland Sanitetsforening og Merethe Elin Kvía - frivilligkoordinator og Jonas Skrettingland vår ordfører.

Anette og Merethe



Undergangen

Ting tek som kjent tid. Men kanskje kan det skje noko her og nå? Pengar til dette vart sett av i økonomi-planen til Kommunen i 2021. Undergangen er frå 1960, og trafikken gjennom den er nok endra ein god del sidan då. Kommunen har gjort teljingar som viser eit snitt på 1200 passeringar kvar dag! Reknar med at undergangen i alle fall er ferdig til 17. mai neste år?

Liv



Monica Mørk Aase

Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF

e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård

Eiendomsmegler MNEF

e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!

EiendomsMegler **1**
JÆRMEGLEREN

VARHAUGMARKEN

Sjølv om Marken i år var 40 år, hadde bedriftsforeninga bestemt seg for ikkje å markera dette. Dei ville heller vente til neste år, med håp om at då hadde me fått eit gildare sentrum? Og så var det i grunnen 2 markensdagar som hadde forsvunne i koronaen.

Som før vart det markensdagar første helga i juni, 3. og 4. - og som før var det var det og mykje folk samla då det årlege Ongaløpet gjekk. Etterpå var det «Bjørnis Show» som både store og ikkje minst små, kosa seg meg. Det var og oppvisning av Varhaugpulsen. Bygdekvinnelaget steikte og selde Nordlandslefser, og salet gjekk strykande.

Om kvelden var fleire med meg innom puben og hørde på song og musikk med Storm Juliussen og nokre andre. Dei som ville ha det litt meir roleg, sat berre ut i «Gladteltet og drøste og kosa seg.

Laurdag er den store Markensdagen med gratis frukost og Varhaugmilå som tradisjon. Etter frukosten var det det høve til å slappa av og kosa seg med oppvisninga av Senior-dansen. I fint sommarver var det truleg rekord-mange som kom til frukosten, og bygdekvinnelaget hadde eit stort arbeid med berre å etterfylla dei tome fata. Og då Skretting'n fyrde opp grillen, vart det grillmat og pannekaker å få kjøpt resten av dagen.

Ja, med same Skretting'n er nemnt, må me ikkje gløyma «VM i farseeding». Då var det mykje folk samla, for å sjå på etinga. Veit ikkje kor mange som deltok, men Jærbladet skreiv at Johannes Nærland «drylte ned kjøttstykket på 42 sekund». (Men eg trur ikkje det var han som vant??)

På Varhaugmarken treng du ikkje eta heime, nei her kan du starta med frukosten, og etter ein rusletur rundt i det fine veret, og godt drøs med folket på dei ymse utstillingane var det berre å finna seg eit bord til litt tidleg middag, farse eller grillmat.

Rundt om i stasjonen hadde lag og organisasjonar sine stand og bruksbutikken Manilla hadde til og med mannekengvisning. Ved Bygdahuset, hadde 4H ansiktsmaling og BU køyring med traktor/tilhengar. Og alle som sprang i Varhaugmilå, vart heia godt fram av alle til frammøtte.

Trur alle var glade for at Varhaugmarken igjen kunne arrangerast, og vel nøgde med at folk igjen kunne samlast til desse dagane.

Liv

BØSE



Dette var bøsse, tenk at Zerei Kbrom Mezngi, som fekk sølv på 10 000 m i EM i Munchen, og var vinnar av Varhaugmilå 2022 under Varhaugmarken.

SENTRUM I VARHAUG

Endeleg, kan eg skriva noko gildt om sentrum i Varhaugbuen. «Ein revolusjon for sentrum» skriv Jærbladet, og det kan me vel alle vera einige om. Så nå er det berre å smørja seg med litt tålmod, for som kjent vart heller ikkje «Rom bygt på ein dag». Men nå er vedtaket gjort, og pengane løyvde, så då er i alle fall noko på gang. Og når og undergangen vert oppgradert, og Steinar Haugseng får fiksa fasaden på det som står att, då vert det gildt å gå i sentrum.

Liv



Solcelleanlegget på idrettshallen på Varhaug skal etter planen koma i drift i løpet av august måned.

Foto: Jan Christian Vasshus

IDRETTSLAG INVESTERER MILLI

No blir taket på idrettshallen på Varhaug dekket med solceller. Det vil kutte strømkostninga med ein tredel.

- Me bestemte oss for å gjera dette før strømprisane blei rekordhøge. Dette er ein del av ein langsiktig plan, der me ønskjer å vera med på det grønne skiftet, seier Jan Christian Vasshus, dagleg leiar i Varhaug idrettslag.

TENT INN I LØPET AV SEKS ÅR

Idrettslaget på Varhaug bruker cirka 500.000 kilowattimar med i året. Strømutgiftene har auka jamt og trutt. I 2020 var utgiftene på kring 300.000 kroner, året etter steig dei til 500.000.

- Så langt i år har me betalt 700.000 kroner i strøm. Då me i fjor starta planlegginga av solcellepanelet, hadde me inga aning om at strømprisane ville bli så høge som dei no har blitt, seier Vasshus.

Solcellepanelet som dekkjer ein tredel av taket på idrettshallen, inneber ein investering på om lag 1,5

millionar kroner. Med dei høge strømprisane som er no, vil anlegget vera tent inn i løpet av seks år.

Anlegget vil gi 160.000 kWh i året, og er berekna slik at idrettslaget får nytta kapasiteten i anlegget på ein optimal måte.

Noko av energien må seljast, og det er for tida god butikk.

Det er også tatt høgde for at anlegget kan byggast ut når ein ser at batteripakkar blir rimelegare enn i dag.

- HAR ALLTID VORE GRØNE

Jan Christian Vasshus trur ikkje at de er mange idrettslag som har gjort noko tilsvarande.

- Me har alltid vore grønne på Varhaug, og det vil me halda fram med å vera. Me tykkjer det er gildt å vera ein del av det grønne skiftet, som næringslivet også er opptatt av, og me trur samarbeidspartnarane våre ser dette som eit positivt tiltak. I tillegg er det ein del av ein større plan for idrettslaget på Varhaug, seier den daglege leiaren.

Solcellepanelet som dekkjer ein tredel av taket på idrettshallen på Varhaug, inneber ein investering på om lag 1,5 millionar kroner. Med dagens straumprisar vil anlegget vera tent inn i løpet av seks år.

Foto: Jan Christian Vasshus



ONBELØP I SOLCELLEPANEL

Idrettslaget har ikkje fått offentlig støtte til solcelleanlegget, men dei har fått 400.000 kroner frå Sparebankstiftinga i Jæren Sparebank.

Anlegget skal etter planen koma i drift i løpet av august månad.

- Me har vore veldig heldige med været, og monteringa har gått raskt, seier Jan Christian Vasshus.



Me ønskjer å vera med på det grønne skiftet, seier Jan Christian Vasshus, dagleg leiar i Varhaug idrettslag.



16. - 18. SEPTEMBER ER ENDELEG JÆRTREFFET TILBAKE IGJEN.

Dette treffet har vore sakna av mange i denne korona-tida, men nå er dei heldigvis tilbake. Til nå har det meldt seg 12 orkester og 60 bu-bilar til denne helga, og her vert det dans både fredag og laurdag. Det vert sal av mat og drikke, og på laurdag er det sal av middag frå kl. 12.00-16.00. Arrangøren Varhaug Idrettslag, håper at bygdefolket nå kjenner si besøkstid, og kjem både til dansekveldane, og ikkje minst til allsongen med Jærbelgen laurdag kl. 13.00. Alltid gildt med mange på song-stunda, og her kostar det ikkje noko å koma inn. Liv

MEN TRIMMEN LEVER VIDARE

Tysdag 23. august kl. 10.00 starta trimmen til bygdekvinnelaget igjen etter ferien, nå med ny instruktør; Hege Bjerkreim.

Hege, som er 27 år og to barns mor, driv gard på Ånestad saman med mannen Lars Torgny. Ho er utdanna som personleg trenar, så trimdamene er i dei beste hender.

Vil de ha endå meir trening, så er det berre å koma på Iden torsdag kl.10.00-10.45 for Basisball, og med Hege. Dette er god trening for balanse og styrke for oss som er kome litt opp i åra. Så nå er det to alternativ, passer det ikkje på tysdag kan ein gå torsdag eller kanskje begge dagane?

Me er og så heldige at me har fått Ruth Kristensen som reserve, så her vert det ikkje stopp i trimmen om Hege ein dag ikkje kan gå frå garden. Liv



Besøk oss på



Spotify®



Fra venstre er det Lasse Fredriksen og midten Glenn Moi og høyre Espen Sola.

TRE VARHAUGSGUTTER REPRESENTERTE NORGE I SPEEDWAY

Torsdag 28 juli 2022 var en stor dag for Norge, og for Glenn Moi, Espen Sola og Lasse Fredriksen. For første gang i nyere historie fikk Norge på kort varsel plass (les: par dager) i Speedway of Nations (SoN), eller Verdensmesterskapet for lag som vi ville sagt som går av stabelen hver sommer. Denne gang ble det kjørt i Vojens i Danmark. Norge sto lenge som reserve, men etter Slovakia hadde trukket seg fikk Norge denne plassen. Med minimalt med forberedelser satte den norske speedwaykomiteen hjulene i gang, og etter noen dager med iherdig jobbing og disposisjoner som skulle være i orden stod Norge på startstreken!


Varhaugs guttene fikk sterk motstand og fikk kjørt av flere av verdens absolutt beste speedwaykjørere fra land i hele verden. De gjorde en fantastisk innsats!

Banen var i det glatteste laget, som flere lag fikk problemer med. Sverige vant denne runden med 35 poeng, og Norge avsluttet kvelden med 18 innkjørte poeng og på en kjempe god 6 plass.

Helgen før dette store stevnet stod Glenn Moi og Lasse Fredriksen klar i sydøst i Frankrike, nærmere bestemt i Macon i 30 varmegrader og skulle kjøre EM Par Semifinale, der de 3 beste parene kvalifi-

serte seg til finalen. Denne banen var hard og glatt og utfordrende og kjøre på i varmen. De gikk uredde til verks og tok kommandoen i stevnet fra start. De fikk maxscore allerede i første heat, og kjørte inn totalt 16 poeng. Dette resulterte med en god 3 plass, bare vunnet av Storbritania med 21 poeng, og Sverige på 2 plass med 20 poeng. Finalen av EM Par går i Slingerup i Danmark 27.08.22.

Erling



Glenn Moi fra venstre og Lasse Fredriksen til høyre.



GRILLKVELDEN

Etter koronapause i 2020 og 2021 kunne me endeleg laga til grillkveld på Lerbrekk onsdag den 3. august. Den største spenninga er alltid veret. Tysdagen var det skikkeleg ufyse. Ikkje bra første del av onsdagen heller. Men så skein det opp utpå ettermiddagen. Ja, endå til med brukande temperatur. Berre litt i det meste laget med vind.

«Agnes og dei» (Agnes Varhaug, Irene Helleland, Anne Marie Taksdal og Arild Bjorland) kom med instrumenta sine og sette i gang musikken. Litt etter litt samlast det folk. Grillarande Arvid Varhaug og sonen Hans fekk gang på grill, kotelettar og pølse. Anne Margrethe, Inger og Ingunn styrte på kjøkken med å kutta opp salat, og Dag kom med småeple (poteter) frå Årsland. Då kl. passerte 17.30 kunne Sigbjørn ynskja velkommen nærare 90 personar. Songbøkene var på plass, så med song nokre all-songar med godt tonefylgje før grillmaten var heilt

ferdig. Når «Agnes og dei» spelar opp så vert alle i godlag. Det er gildt å treffa kjende som ein ikkje ser så ofte. Nokre kom endå til langveis frå. Så det er ekstra gildt for oss som lagar til.

Grillmaten smaka godt. Etterpå var det kaffi og formkake.

Sigbjørn fortalde om husa og folket på Grødalanstunet i gamle dagar. Me song nokre songar til før det var tid for å takka av. Muskarane og Sigbjørn fekk kvar si plante som takk for innsatsen. Grillmeistrane var gått heim, så dei fekk plante dagen etter. Muskarane heldt fram med gild musikk for dei som ville stogge lenger, og for oss som skulle rydda etterpå. Det var utruleg kjekt å kunna samlast att til ein gild kveld på Lerbrekk.

Brit Obrestad

JÆREN QUILLAG

det vert utstilling på Lerbrekk helga 15. og 16. oktober.
Dei vil då markera at laget er 25 år.



KUNST OG KULT

29. og 30. oktober 1100-1600.

Vi gleder oss veldig, endelig, og den koseligste utstillingen av alle.

Utstillere;

Klara Pil,

Viola Krans,

Nina Filtmaker,

Marys vev,

Såpekjøkkent,

Trashy birds,

Keramikeren,

Elsa Wendt med akvareller og

Fru Johnsens Nyttevekster

Vennelaget tryller på kafeen som alltid.

Vi ses.

Mvh.

Kurvmaker Klara Pil

Sjå nærare oppslag i Jærbladet når det nærmar seg.

SUNDAGSKAFÉ

Det vert sundagskafé den

4. september og

2. oktober

kl. 14 - 17.



SEPTEMBER

4

OKTOBER

2

NBU PÅ TUR

Uke 29 hadde vi en kjekk uke på Jønsberg videregående skule på landstevnet til NBU.

Landsstevne er NBUs største arrangement i løpet av året.

Stevnet samlet over 2000 bygdeungdommer fra hele landet og var fylt med tevlinger, konserter, aktiviteter, venner fra fjern og nær, og mye moro. Rett og slett årets høydepunkt for mange av våre medlemmer!

Vi hadde også årsmøte i Varhaug bygdeungdomslag. Da ble det valgt inn nytt styre som gleder seg til alt som skal skje det neste året. Kommer du på noe kjekt vi burde arrangere så send oss en melding på Facebook.

Høres dette gøy ut så sjekk ut nbu.no og bli medlem. Følg med på Facebook for å se alt det kjekke vi skal finne på dette året.

Håper å se masse bygde ungdommer framover.



ÅRSMELDING 2020/2021



MEDLEMSTALL

Per 31.12.2021 var me 63 medlemmar. Dette er 16 medlemmar meir enn me hadde i fjor. No når aktiviteten er i gang ser me ei bra vekst i lokallaget, og håpar på endå fleire medlemmar til neste år!

AKTIVITET OG ARRANGEMENT

Dette styre-året har ikkje vorte prega av korona, dermed har me har fått gjennomført dei fleste arrangement som planlagd. Det har vore betre oppmøte enn forventa, og som følgje av dette har medlemstala auka. Denne utviklinga er noko me håpar skal fortsette.

I løpet av året har me arrangert fleire ulike arrangement. Nokon av desse er bilrebus, filmkveld, stand på Varhaug-marken med traktorkøyring og spiker-konkurranse, St-hans feiring, tevlingsdag med RBU, spelekveld, ludomeisterskap, eksteriørdømming av minkpels og diverse festar.

SAMARBEID MED ANDRE GJENNOM ÅRET

Me har samarbeida med Rogaland bygdeungdomslag, der me arrangerte ein tevlingsdag saman. Det vart tevla i TRT og spekemat anretning.

Me har og samarbeida med Bygdekvinnelaget, der var me med på ei mannekengoppvisning som dei hadde på eit medlemsmøte i Lensmannsløa. Me gjekk med klede frå Livs klær/gaver og Mizzy på Nærbø.

STYREREPRESENTASJON

Representant husstyret: Jesper Lerbrekk

Representant Varhaugsbuen: Ole-Kristian Ødegård

EIGARSKAP

Varhaug Bygdeungdomslag eig 3 av 15 eigendelar av Bygdehuset på Varhaug. Der har me styremøte, samankomstar og tevingar gjennom året.



HÅ PISTOLKLUBB

Hå pistolklubb er godt i gang med felt-sesongen der me sjølv har arrangert fallfelt og også SR-bank pokalstevnet. Godt med deltakara både frå Hå pk og andre pistol-klubbar rundt om i kretsen og distriktet.

Føre sommeren hadde me og internt klubbmesterskap i second chance, det er skyting på bowlingkjegler, det er galjillt.

Nå er også 25m banen oppgradert med lydisolert vegg og lydisolert halvtak på begge sider, så me kan helste gå heilt torrskodd ut til skivene.

Det er ein liten gjeng frå Hå pk som brukar gå på stevnet både i Rogaland og i Agder fylkene. Og når det er krets og distriksmesterskap så har me gode skyttere som hevder seg i toppen fleire plasser. Men me håpar at gjengen som reiser rundt på stevner veks å vert større. Stevnene er det som er jillt med skytinga.

NM - endelig etter korona, der va me seks stk frå Hå pk så reiste til Oppdal. Det betyr me klarte å stilla to lag i samtlige øvelser pluss mix lag.

Odd Bjorheim skaut fullt i magnum 1 og måtte i om-skyting med fem andre, der endte han på ein fjerde-plass. I magnum 2 klarte det eina laget bestående av Glenn Bjorheim, Liv Håland og Andreas Fuglestad å ta

sølv kun skilt på antall innertreff frå Haugesund som tok gullet, Sandnes pk tok bronzen så Rogaland godt representert. I spesialrevolver fekk Hå pk gull og sølv i mix lag, Gull: Glenn Bjorheim og Sissel Synnøve Korpiselkä, sølv: Odd Bjorheim og Liv Håland. (me visste ikkje om mix laget føre me hadde skutt ein runde så me hadde ingen lag i spesialpistol) I militær fekk Roald Fuglestad sølv i klasse mann. I revolver fekk Odd gull i V65 mæ foltt hus. Og i fin fekk Odd bronse i V65

Alt i alt ett rimele greit NM å ikkje minst æ dæ å vær på NM gal jillt.

Nå har me eitt feltstevne igjen å arrangera i Hå så går felt-sesongen på hell og då er det bare og trene og glede seg til neste vår.



HUBBEN

I løpet av året har 243 elever fra Varhaug, Nærbø, Vigrestad og Ognå drevet elevbedrift ved Hubben læringsfabrikk. Hele 58 elevbedrifter har blitt etablert og drevet av elevene i løpet av skoleåret. Høstsemesteret ble avsluttet med en messe for foresatte og andre interesserte den 5. mai.

Ved avslutningen av året ble det gjennomført en spørreundersøkelse for å kartlegge elevenes opplevelse av prosjektet. Det er tydelig på tilbakemeldingene fra elevene at de har opplevd mestring i prosjektet, og synes det har vært kjekt og lærerikt å arbeide med elevbedriften. Elevene var også klar på at de ønsket å bruke mer tid på prosjektet. Det kommende skoleåret vil derfor elevene arbeide med elevbedriften sin over et helt skoleår.

Prosjektet har fått stor oppmerksomhet, og har i løpet av året hatt en rekke besøk fra lokale, regionale og nasjonale aktører. Prosjektet er også tildelt midler fra Rogaland fylkeskommune og statsforvalteren i Rogaland.

Hubben på stand under innovasjonskonferansen i Rogaland.

Den 24. mai arrangerte vi også Åpen dag, hvor de besøkende fikk se seg rundt i lokalene og lære mer om Hubben og aktiviteten der. Flere gjorde også et kupp på brukte kontormøbler. Vi har fått inn mye nytt og spennende i løpet av sommeren, og de som er interessert er velkommen innom oss eller til å besøke nettbutikken vår på grunderhubben.no



BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 for 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

SOMMARKONSERT I VARHAUG KYRKJE

Torsdag den 30. juni var ein strålende fin sommardag som høvde godt til ein tur til Varhaug kyrkje der det var annonsert sommarkonsert med familien Haar/Kjerkreit. Helene Haarr, oppvaksen på Haarr, ektefelle Halvor Kjerkreit, og borna Peder (13), Tora Marie (12) og Signe (10). Helene og Halvor er utdanna operasongarar. Halvor er i tillegg bratsjist. Tora Marie og Signe spelar fiolin. Peder spelar cello, og mamma Helene akkompagnatør på piano. Tittelen på konserter var «Frå Bach til bedehus».

Kyrkja var fullsett. Dette inspirerte songarar og musikkarar. Det var musikk av heile familien, og Helene og Halvor song duettar. Dei hadde rota i notane til Helene sin mormor og morfar i Råde, og i farfar Laurits på Hårr. Han var klokkar og kyrkjesongar i Varhaug kyrkje. I tillegg song han mykje rundt på bedehusa. Det gjorde også mormor og morfar. Så songane var mange kjende og kjære for oss som har levd ei stund og er vakse opp med dei. Desse gamle, gode songane må ikkje gå i gløymeboka. Ein av songane som var gild å høyre att var; «Som en trast uti furuskogen jag ville sjunga dagen lång.».



Denne spelte far mykje, så det var ekstra gildt å høyre den att.

Hjarteleg takk til heile familien for vakker song og musikk. Dette kan godt bli ein tradisjon når dei kjem heim til Hårr på sommarferie.

Brit Obrestad

BASAREN

Så var den årlege basaren til bygdekvinnelaget over, som vanleg siste torsdag i august. Det kom utruleg mykje folk, og det er gildt. Det var nok mange som kom grunna Sjur Håland, som skulle vera underholdar. Han var like gild å høyra på som alltid, då han denne kvelden tok oss med på teltmøte, og det som høyrer til der.

Laget hadde fått inn ei meng gevinstar, både til hovud-trekninga og årene. Vil her på vegne av laget takka for alle gevinstane, både dei eg tigger til meg rundt i bygda, og ikkje minst til alt som medlemmer og andre kjem med. Stor og takk til alle som kjøpte lodd, både på Spar, Extra og sjølve basarkvelden. Tusen takk!



Trur til og med krakkane ute på gangen, var tekne i bruk, då Astrid ynskte alle velkomne. (Er ikkje heilt sikker på om det var andre enn musikantane, Agnes og Sølvi, som sat på desse). Og etter frisk song og trekkspelmusikk, og ikkje minst Sjur, var det kaffipause med sal av åre. Veit ikkje kor mange brød styret hadde smurt på, men her vart alle metta med gode gamaldagse egg/sild sjever, gele/krem og mange fleire.. Og i staden for kaker etterpå, kom det inn store bugnande fruktfat. Bygdekvinneane på Varhaug kan det med mat! Etter litt meir song/musikk, gjekk trekkinga av årene og gevinstane elles, ganske radig. Det trass i at eg trur mest det var rekord av begge kategoriar. Tradisjonen tru, slutta me av med Kveld på Jæren av Tobias Skretting. Liv

DEN ÅRLEGE BASAREN TIL BYGDEKVINNELAGET

Stor takk til næringslivet som raust støttar laget med gevinstar. Takk og til dykk som har kjøpt lodd, og vore delaktig på andre måtar.

Liv



BINGO. Det var mange flott ungdom frå ukraina som kom til ung i juli. Me var heldige så fekk med oss Anastasia som snakka morsmålet deiras og Ronja som ropa opp tala på kav jærsk.

UNG I JULI

Det har vært ei glede å arrangere Ungjuli for fjerde året på rad. Eg kjenner meg stolt av ungdomsklubbane og kulturskulen i Hå som har gjort dette mogleg. Besøktala auka stadig og det var godt over 1000 enkeltbesøk på tilbodet i år.

Tenk at me kan tilby eit slikt gratistilbod for ungdom frå 8.trinn og opp til 18 år - frå Hå. Utan å melde seg på, større moglegheit til å være impulsiv og ein god grunn til å stå opp om morgonen. Me hadde ope alle kvardagar frå klokka 12 - 15. Her har ungdommane kunne møtes for drøsa og vas, gratis varm mat og være med på svært mange ulike aktivitetar.

Fokuset var likevel ikkje mest på alle aktivitetane, men det å treffa andre å ha lag i, møte nye vener, skapa nye gode relasjonar, eta eit godt måltid og kanskje drøsa og vasa medan det blei drukke en god kopp iskaffi. Ikkje minst er det viktig med opplevingar som gir gode minner, og som kan gi nye gode samtalar.

Ungdommane fekk laga vinyltrykk på t-skjorter, spela instrument, dansa, spela brettspel, teikna, laga smykke, syngja, mala på lerret, laga eigne designa button, leggja på falske negler og mykje meir. Lærlingane arrangerte diverse bordtennis, biljard, fifa, air hockey og basket turneringar.



Sigurd kom ofte innom mellom stedlingane for å drøs, vasa og få seg ein kopp is kaffi



SJAKK. Her var det full konsentrasjon

Me hadde tivolidag, mesteren mester, systudio, digital teikning, bingo, Challenger, Dungeons & dragons kurs, og kvar fredag hadde me basar med årer.

Finn David Gudmestad hadde ansvar for maten for fjerde år på rad. Han diska opp med både, hamburgerar, pølse, natchos, pølsemix, vaflar og den eine dagen steika han opp 18 liter med lapperøre!

Ungjuli har vore svært populært, mange ynskjer at tilbodet skulle vært i august også – men dei vaksne må ha litt ferie og, slik at dei er superklar til klubbane ope igjen, og det er me no!

Tusen takk til alle som har gjort denne månaden minnerik, og velkommen til alle Hå kommune sine ungdomsklubbar på Nærbø, Varhaug og Oгна.

Konsulent ungdom Annette Jensen Gimre

ABRØR

*Trenger du hjelp
ta kontakt med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81*

*Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri*



*Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no*



*Tlf 48 50 97 80
post@abror.no*

«VI OVER 60»/ VARHAUG MISJONSHUS, PÅ TUR

Onsdag 17. august 2022 var 53 forventningsfulle pensjonister klar til å reisa på tur.

Klokka 9.00 var Oddgeir Vigrestad klar med bussen og reisa tok til. Lars Jan Nord Varhaug ynskte velkommen, og hadde andakt medan me rulla nordover. Turen gjekk om Forus, Stavanger, Ryfast-Solbakk, Tau, Årdal. Kl 10.30 kom me til Årdal, og der tok me inn i hagen til trekunstnaren, Eilfinn Austigard. Me fekk servert «Gongkaker», som dei kallar det i Ryfylke. Men dei er vel mest kallt for «Natronkaker». Dei var veldig gode med smør og brun ost på. Og kaffien hadde han kokt ute på vedkonfyren, så me blei møtt med ein herlig kaffilukt. Å vera i den hagen var ein stor opplevelse. Der var det utskore alle slags bilder og flotte figurar som såg utrolig levande ut. Figurane hadde utgasnspunkt i norske eventyr. Ja, ein av reisefylgje tykkte den eine dama blunkte til han. Men det var nå helst innbilning. Men tida gjekk fort og me måtte kjøra vidare.

Då bar det om Fister og til Helgøy. Anne Norunn Helgøy tok imot oss. Ho kom inn i bussen før me kjørte over den nye brua over fjorden. Anne Norunn ynskte oss velkommen til Helgøy, og fortalde om øya.

På Helgøy bur det 42 personar, og 22 av dei er barn. Og det er 1000 frukttre på kvar innbygjar. Ein ein grøderik og triveleg plass. I bussen fekk me utdelt smaksprøver av tørka epleskiver som dei selde.

Dei var veldig glade for den nye brua som gjer alt meir lettvtint for dei.

Frukttrea stod på rekke og rad, og me fekk fortalt om korleis dei blei stelte og påpassste, på Helgøybakkane Fruktgard

Etter litt spasering kom me ned i Epleriet. Eit fint lokale med både butikk og spisesal. Der fekk me servert Oksejake og potetstappe, og hermetiske morella med krem til dessert. Prøvesmak av eplemost høyrte og med. Når etinga var unnagjort fortalde Anne Norunn om «levt liv» på Helgøy. Det gjorde inntrykk å høyra om Bertine som blei enka då ho var 32 år, og hadde fire born, og ei pleietrengande svigermor. Ho hadde tilbod om å få bu hos slektningar på fastlandet. Men ho blei verande på Helgøy, og forpakta vekk garden til sønene kunne overta.

I 1978 får Helgøy avslag på elektrisk straum til hus og hytter. E-verket meinte øya snart vart avfolka. Men det gjorde viljen til å lukkast enndå større.

Helgøy Skyssbåt har blitt eit stort rederi med 6 båtar. Dei fraktar m.a. passasjerar til Flor og Fjæra.

Alt i alt så fekk me inntrykk av at her var det eit arbeidssamt og triveleg folk som budde her på øya. Som takk for at me fekk koma, fekk Anne Norunn boka, Kvardagsfolk.

Etter ei gild og koseleg økt bar det så heimover. Me var i Glaskjellaren Bjørheimsbygd, der Astrid Vadla Ravnås venta oss med nykokt kaffi, og me fekk gå rundt i butikken hennar. Mykje fint av fat og englar m.m.

Så bar det under sjøen att. Og etter kvart var det Gunhild Nord Varhaug sin tur til å underhalda med morostubbar frå Ryfylke. Det passte godt inn, og stemninga var høg heilt heim. Me hadde og god allsang i bussen, der Oddmund Nord Varhaug leda ann.

Ein heilt igjenom vellukka tur. Hjerteleg takk til Oddgeir for eit fint opplegg og dyktig sjåfør.

Astrid G Varhaug



Inger Nord-Varhaug (til venstre) og Gunhild Nord-Varhaug. Vi har dessverre ikke navn på hun i midten.



VIL 90 ÅR

Holmenkoll-stafetten er ofte vore kalla for våren sitt finaste eventyr.

Nå har eg sett kva som er hausten sitt: Fotballturneringa til Varhaug Idrettslag. 275 fotball-lag spela kampar frå kl. 9.00-17.00 både laurdag og sundag. Eg var ein tur innom det flotte anlegget laurdag ettermiddag, og for eit liv. Det var kamper overalt, og dei som ikkje spela kosa seg meg noko å eta frå dei ymse salsbodene, eller berre kosa seg i det fine veret. Ekstra stor kø var det for plastballongane i vass-bassenget, og her var nok dei minste litt skeptiske i starten. Men det såg ut som alle stor-kosa seg.

Idrettslaget skal, som tidlegare nemnt, ha 90 års jubileum seinare på året, men nå var det å få denne store turneringa vel i hamn. Og til dette, trengs det utruleg mange frivillige. VIL har i alle år vore van med å ha mange frivillige, på alle plan, men ein del av desse er nå «gått ut på alder». Så Jan Christian hadde vore litt nervøs før starten av turneringa; ville dei få nok frivillige? Då eg snakka med Jan Christian var han eit einaste stort smil, og sender her gjennom Varhaugbuen ein stor takk til alle som kom og var med og tok eit tak. «Det er utruleg gildt å arrangera noko på Iden, når me har så mange positive menneske med oss». Liv



SENIORDANSEN

Seniordansen har starta opp att ferien. Me er ein god gjeng som møtes kvar tysdag kl. 10.00 i Lensmannsløå, men det er plass til fleire. Er du glad i dans og god musikk, så kom og vær med oss då! Dette er god trim for både føter og hjerne. Slutter alltid av dagen med litt kaffikos.
Helsing Kirsten Nord-Varhaug.

LEFSEKURS

Varhaug bygdekvinnelag skal ha lefsekurs på Ungdomsskulen tysdag 4. oktober kl. 17.00. Kursavgift kr. 500. Påmelding til Bjørg Reime Håland 41 23 17 32 innan 27.september.



Her lagar bygdekvinnelaget nordlandslefser på marken.

INDUSTRIOMRÅDET I TJEMSLANDS-MARKA

Kjem tilbake til dette i neste nummer, då bygget til Point Zero AS, ikkje er heilt klart endå. Nå har eg gjort ein ny avtale med Ole Henning Djøseland.
Liv

VARHAUG IDRETTSLAG - 1932-2022 - VIL ER 90 ÅR

Dette vil verta markert laurdag 22.oktober. Her vil det vera ymse aktivitetar heile dagen, og jubileumsfest om kvelden. Varhaugbuen har ikkje fått noko endeleg program for dagen, men de får bere fylgja med i oppslag og aviser etterkvart som dagen nærmar seg.
Liv

ONSDAGSKAFFIEN

Eg har i mange år vore med på dette arrangementet i Nærbø-kyrkja første onsdag i månaden kl. 13.30-15.00. Nå er det opp-start igjen etter ferien 7. september. Prøver å ha eit lite musikkinnslag eller noko anna som program, og så er det god tid til kaffi og drøs i tillegg til ei spesiell utlodding, der me tek med ein gevinst til ca kr. 20 Her er alle velkomne, og inngangspengane er kr. 20.
Liv



DEN ÅRLEGE OLSOKGUDSTENESTA I NYDELEG SOMMARVER

Trur aldri eg har vore på denne gudstenesta i så flott sommarver. Heilt blikkstilte både på land og sjø, så her trong eg ikkje den tjukke jakka eg hadde med. Salmesongen gjekk og på eit vis utan noko instrument. Gildt med denne tradisjonen, som samlar folk frå nær og fjern.

Liv



B I N G O E N

**Nå er me i gang igjen
med bingoen på
Eldresenteret
kvar måndag kl. 15.00.
Her er det plass til fleire,
så kom og vær med oss vel.**

Liv



DET ER IKKJE ALT ME KAN FORSTÅ ...

Det er kanskje nokon som husker at eg hadde med eit innlegg om dei visne buskane ved den gamle kyrkjegarden på Varhaug. Dei hadde vorte sprøyta, men så vart det ikkje gjort noko meir?

Fleire med meg trudde det var kommunen eller kyrkja sitt ansvar, men kyrkja hadde ansvaret for sjølve gravplassen, og kommunen utanfor (trudde me). Men så enkelt var det ikkje, det var fylket sitt ansvar for vegen der nede.

Nå i sumar var ein del av dei visne buskane fjerna, men litt stod att. Eg kontakta fylket om dette, og då kom svaret: Fylket hadde ansvaret for vegen fram til skilta (dei som kom opp i fjor om at det ikkje var lov å stå parkert om natta) og det som var nord for skiltet hørde til parkeringsplassen, og altså

kommunen sitt ansvar. Buskane sør for skiltet hadde vorte fjerna, men ikkje den på nordsida???. Og fylket presisterte at dei ikkje hadde sprøyta??

Eg sende meldinga frå fylket over til kommunen, og då var det ikkje lenge før alt var fjerna. Det var gildt! (Tenke nok gartnaretaten var temmeleg lei alt maset mitt om dei visne buskane). Liv

I det siste er det gjort eit stort og flott restaureringsarbeid inne på kyrkjegarden, der mange av dei gamle gravene er rydda og måla. Og både kyrkja og benkene er nymåla. Då er det ekstra gildt at det endeleg vart fint ved inngangsporten og. (Reknar med at grava til dei russiske sjøfolka og kjem med i denne prosessen?)

KVEN VIL VERA MED PÅ Å TA VARHAUG- BUEN VIDARE???

Nå har Sissel «permitert» seg frå trimmen etter mange år, og me har fått ny der. Om eg ikkje akkurat har tenkt å slutta akkurat nå, så er det best å vera føre var. Eg har spurt fleire om dei kunne tenkt seg denne jobben, men har ikkje fått noko «ja» på det. Ordet «redaktør» kan kanskje skræma nokon, «bladstyrar» hadde kanskje vorte betre. Varhaugbuen har eit styre, men der er ikkje eg med, men eg møter på alle styremøta. Det er der me planlegg bladet, men det er likevel eg som for det meste styrar bladet. Og dei som sit i styret kjem frå eigarlaga til Varhaugbuen, så det er stort sett berre kjente folk. Viss dette fristar litt, så ta kontakt med meg, slik at me kan snakka meir om koss «jobben» er

Liv

VARHAUG PENSJONISTLAG

Når Varhaugbuen kjem ut, har pensjonistlaget hatt første møte etter ferien. Då var frisklivs-korordinator og snakka om fysisk aktivitet og trening for eldre, og kva tilbod kommunen hadde.

Her er programmet vidare:

Tysdag 27. september vert det busstur med Oddgeir og Vigrestad Buss til Hovsherad, Moi og Sokndal.

Tysdag 25. oktober kjem ein representant frå SR bank, Varhaug og snakkar om «Svindel på nett og i bank», og koss kan me unngå det.

Tysdag 29. november vert det julebord/buffet på Karsbu med underhaldning, song og musikk.

Björg

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

7. november 2022

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

RUNE KLOSTER TVEDT - NY RÅDMANN I HÅ.

Tvedt som er 58 år, tok til i jobben 1. september. Han er Stavanger-mann, og kjem nå frå rådmanns-jobb i Sauda.

BYGDEKVINNELAGET PLAN FOR HAUSTEN

25. august Basar. Sjur Håland held kåseri. «Agnes og dei» er med

29. september Årsmøte. Dag og Rikard Madland vert med

27. oktober Innhald kjem vi tilbake til

24. november Julemøte

Ole G
Nord-Varhaug & Co a.s

Støtt våre
annonsører -
dei støttar oss!





BondeKompaniet

GJØR SOM GUNNAR
OG GAUTE
VASK MED STIHL

STIHL

Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

bondekompaniet.no



Datahjelpen.IT as
Vesthagen 2, Bryne

**Alt innen datahjelp
og datautstyr**
-hjem på døren
til private og bedrifter

Besøk oss på nett:
www.datahjelpen.it

Telefon:
5148 5000
E-post:
post@datahjelpen.it

PC/MAC Verksted | DATA og TV hjelp